



Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/8145-39

Etablering av kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane

Fylkesdirektør for opplæring rår hovudutval for opplæring til å gjere slik vedtak:

1. Det vert etablert ei prøveordning med kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane i etterkant av skulevurdering
2. Prøveordninga med kvalitetsutviklingsgrupper startar skuleåret 2018/2019 og skal evaluerast i 2020
3. Det skal utarbeidast eit eige mandat for arbeidet i kvalitetsutviklingsgruppene og krav til kven som skal sitje i dei
4. Finansieringa av kvalitetsutviklingsgruppene skal differensiert ut frå storleiken på skulane.
5. Løyvinga til kvalitetsutviklingsgruppene vert finansiert frå statlege restmidlar

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

I HO-sak 2/18 gjorde hovudutval for opplæring følgjande vedtak for satsing 1, *kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane*, i handlingsprogram for «Mot nye høgder»:

Drift og finansiering av satsing 1, kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane, vil fylkesdirektøren kome tilbake til i eiga sak i hovudutval for opplæring sitt møte i april.

Kvalitetsutviklingsgruppene må sjåast i samanheng med skulevurdering som er del av kvalitetsutviklingssystemet jamfør HO- sak 35/14 og 3/16:

I sak 35/14, skriv og meldingar, notat 4, tok hovudutvalet til orientering fylkesdirektøren sitt forsøk med skulevurdering som pedagogisk metode for kvalitetsutvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Metoden nyttar refleksjons- og prosessverktøy for å vurdere i kva grad skulane når måla dei har sett seg, og som er sett i læreplanverket for Kunnskapsløftet.

I sak 3/16, handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017, vart skulevurdering vidareført som metode for skuleutvikling og etablert som ein del av kvalitetssystemet.

Etablering og drift

I denne saka legg fylkesdirektøren for opplæring fram etablering, drift og finansiering av satsing 1 i handlingsprogrammet for 2018 - 2019, kvalitetsutviklingsgrupper på dei vidaregåande skulane.

Tilstrekkeleg oppfølging i etterkant av ei skulevurdering er avgjerande for å halde kontinuerleg merksemd på skulen sitt utviklingsarbeidet og sikre ei vedvarande utvikling. I arbeidet med «Mot nye høgder» vart det utarbeidd kriterium for kvalitet på leiing, arbeidsdokument 2. I dokumentet står det at:

Leiinga må vere lokomotiv og bane veg gjennom å legge til rette for ein lærande samarbeidskultur og skape gode relasjonar. Dette er utfordrande fordi ein heile tida er i spenningsforholdet mellom driftsoppgåver og utvikling og mellom individuelle og kollektive tilpassingar.

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at kvalitetsutviklingsgruppene skal vere ein sentral aktør i arbeidet med å dempe dette spenningstilhøvet. Det vil krevje at kvalitetsutviklingsgruppa støttar pedagogisk leiing og har kontinuerleg merksemd på forankring, ansvar, lojalitet og erfaringsdeling for å nå måla i skulen sitt utviklingsarbeid.

Fylkesdirektøren ynskjer at tiltaket skal støtte pedagogisk leiing:

- i resultatforbetring knytt til undervisning og elevane si læring
- i spreiing og deling av utviklingsarbeid
- til å stå i utfordingane over tid og handtere motstand

Kvalitetsutviklingsgruppa skal

- vere eit ledd i å vidareutvikle samarbeid mellom skulane og administrativ skuleeigar
- bli ein del av skuleeigar sin styrings-/kvalitetsdialog

Kvalitetsutviklingsgruppe skal etablerast på skular som har gjennomført skulevurdering og fylkesdirektøren har til no gjennomført skulevurdering på 7 av dei 12 vidaregåande skulane.

Fylkesdirektøren meiner at ordninga med kvalitetsutviklingsgruppe ved dei vidaregåande skulane bør prøvast ut over ein periode. Kostnaden ved drifta av kvalitetsutviklingsgruppene i prøveperioden er rekna til om lag 1,2 mill. kr. I utprøvingsperioden skal ordninga med kvalitetsutviklingsgrupper evaluerast som grunnlag for vurdering av vidare drift.

Finansiering

Fylkesdиректор for opplæring har søkt og fått statlege midlar til å setje i verk og følgje opp ulike satsingar som mellom anna er initiert av Kunnskapsdepartementet. Mange av satsingane føreset at fylkeskommunar bidreg med ein eigendel.

Samtidig har satsingane samsvarst med lokale politiske føringer og initiativ og vore viktige for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane. Deler av satsingane har difor vorte finansierte gjennom fylkeskommunale midlar og ført til ein rest av statlege midlar.

Denne finansieringa har ført til ein rest av statlege midlar som kan nyttast til å finansiere ordninga med kvalitetsutviklingsgrupper.

Konklusjon

Fylkesdirektøren for opplæring vil gjennomføre skulevurdering ved alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, og vil som ei prøveordning etablere kvalitetsutviklingsgrupper fortløpande i etterkant av skulevurderinga . Det skal utarbeidast eit eige mandat for arbeidet i gruppa og krav til kven som skal sitje i ho.

Løyvinga til kvalitetsutviklingsgruppene vert gitt frå statlege restmidlar og differensiert ut frå storleiken på skulane.

7 av dei 12 vidaregåande skulane har gjennomført skulevurdering og etablerer kvalitetsutviklingsgrupper skuleåret 2018/2019.